

## Årets kulturkommune 2017

### Grunngjeving frå juryen

Juryen for kåring av årets kulturkommune i Sogn og Fjordane har vore fylkesstyret.

Norsk kulturforum Sogn og Fjordane har i å valgt å kåre ein av våre industristadkommunar til årets kulturkommune.

Vinnaren er organisert med kultureining og eigen kultursjef. Kultursjefen deltek i rådmannens si leiargruppe og kommunen har eiga politisk utval for kultursaker.

Kommunen har gjennom dei siste åra hatt ei brei aktivitet, med fleire satsingsområde. Juryen peikar på blant anna den solide satsinga kommunen har gjort med utarbeidinga av kulturminneplan, og den solide folkelege forankringa dette arbeidet har hatt.

Mangfaldet av aktivitetar er godt, kommunen har over 120 lag og foreiningar som blir brukt av mange. Kommunen har gode anlegg og lokalar for kunst, musikk og idrett.

Juryen for Sogn og Fjordane si kåring meiner Høyanger kommune er ein god vinnar av tittelen Årets kulturkommune 2017 i Sogn og Fjordane.

NOKU Sogn og Fjordane  
Førde 24. mars 2017

Juryen v/ Espen Frøysland